

Høyringsvar på høyringa «Staten og Den norske kirke – et tydelig skille».

OM HØYRINGA

Høyringsnotatet tek føre seg forvaltningsreforma, og handlar mellom anna om endringar i Kirkeloven. Sjølv om endringane i liten grad har praktisk verknad for sokn og sokneråd i denne omgang, tek høyringa opp spørsmål som er prinsipielt sett svært viktige også for soknet. Stedje sokneråd takkar for moglegheiten til å koma med uttale i samband med høyringa, og ynskjer å kommentera på viktige element og endringar slik det framgår av det følgjande.

Innleiingsvis vil soknerådet først påpeike at ei så prinsipiell og omfattande høyring bør koma med ein lenger høyringsfrist. Eit stort og omfattande høyringsdokument føl saka, og det er forslag om endringar som også berører framtidig organisering av Den norske kyrkja. Dette er ei sak det har vorte arbeidd mykje med over år, og då står ein høyringsperiode på to månader ikkje i høve til dette i det heile.

Dette har med å gjera at soknet er grunneininga i Dnk. Då bør dei også bli gitt eit reelt høve til å kunne uttale seg i ei så viktig høyring. Høyringsfristen gir i praksis svært begrensa rom til å få drøfta spørsmåla inngåande. Dersom ein ynskjer reell medverknad må ein ha høyringsfristar som er rimeleg å forholde seg til også for sokneråd.

I tillegg ynskjer vi å kome med to innleiande merkander. For det første stiller vi oss spørjande til namnet høyringa har fått, då vi meiner at «skille» er eit lite dekkande begrep å nytte på resultatet ein ser føre seg. «Staten og Den norske kirke – en ny relasjon» elller «(...) relasjon i ny form» ville også vera dekkande, men innebera andre tydingsnyansar.

For det andre ser vi det som svært viktig at den ferdige lovteksten inneber eit utvetydig skilje mellom omgrepet "Den norske kirke" som trussamfunn, med soknet som grunneining, og omgrepet "Kyrkjemøtet" som rettssubjekt for den nasjonale kyrkja.

EI LANDSDEKKANDE FOLKEKYRKJE

Den norske kyrkja skal framleis vere ei folkekyrkje, dette må innebera at den geografiske organiseringa vert vidareført på ein slik måte at tilgong til kyrkjeleg teneste og presteteneste vert sikra over heile landet. Ordet «landsdekkande» er derfor sentral i lovteksten, nettopp for å presisere dette.

Den historiske utviklinga syner at det har gått mot ein aukande profesjonalisering innan kyrkjeleg sektor, og den nødvendige administrasjon og fagkunnskap har i stor grad blitt lagt inn under fellesrådet. Dette har i mange tilfelle medført at fellesråd har fått meir makt på bekostning av sokneråd.

- Vi meiner at ein i samband med endring av Kirkeloven, må sikre ein revitalisering av soknet og soknet sitt valde styringsorgan, soknerådet.

Ved lesing av høyringsdokumentet får vi inntrykk av at fokus er i stor grad på kva som skjer med den makta som departementet no skal avstå til kyrkja sine eigne organ. I liten grad får det praktisk konsekvens at soknet er grunneininga i kyrkja, at det er der kyrkja så og seie *finst og finn stad*. Vi etterlyser dette perspektivet.

I Dnk si kyrkjeforståing er det den lokale kyrkjelyd si samling om ord og sakrament som *er* kyrkja. Det er derfor soknet som er utgangspunktet, og som så og seie har delegert oppgåver til "moderkyrkja". I tillegg er det avgjerande med tanke på engasjement og moglegheit til påverknad at kyrkja er først og fremst lokalt forankra. Kyrkja si framtid vil i stor grad vere knytt til det lokale engasjementet.

- Vi ser det derfor som avgjerande at ein i samband med denne reforma styrkar soknet som eining, og ser det som eit sjølvstendig mål at soknerådet sitt arbeid vert støtta med tenlege funksjonar og mandat.
- Me stiller oss derfor bak KA sitt forslag til tillegg i §2 i kyrkjelova:
Den norske kirke skal vere en landsdekkende kirke, og der soknet er den grunnleggende enhet. Hvert sogn skal være betjent av en prest i et omfang som sikrer soknets medlemmer mulighet for regelmessig gudstjenestefeiring, tilgang til kirkelige handlinger og nødvendig samordning med soknets virksomhet. Soknets organer har rett til medvirkning ved tilsetning av prest i eget sogn.

TRUSOPPLÆRING OG DIAKONI - SIKRING AV FINANSIERING

Trusopplæring og diakoni er to viktige oppgåver for Dnk. Dette meiner me må komme tydelegare fram i lovteksten, samt bli tydelegare handsama som *eigne* moment i prosessen med eit skilje mellom stat og kyrkje. Diakoni er nemnt i §9 som ein del av det ansvaret soknerådet har for arbeidet i soknet. Det er også nemnt i ei setning under §15, kommunen sitt økonomiske ansvar. Der står det likevel ikkje i opplistinga over kva som er kommunen sitt økonomiske ansvar, men som ein setning under og som eit av punkta som fellesrådet sitt budsjettforslag skal innehalde. Det same gjeld kyrkjeleg undervising/trusopplæring. Dette oppfattast som praktisk inkonsekvens.

- Vi meiner at den offentlege finansieringsplikta må koma tydelegare fram enn det høyringsnotatet gjer framlegg om.
- Me gjer derfor framlegg om at det vert sett inn som eit eige punkt g i paragraf 15; t.d. slik: *§15. Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag frå kirkelig fellesråd:.... g) tilskudd til kirkelig undervising, diakoni, kirkemusikk og andre kirkelige tiltak i soknene.*

I tillegg føreslår høyringsnotatet ein bestemmelse som skal sikre presteneste i alle sokn, jmf. §2. Dette meiner me som sagt ovanfor er viktig, men det seier ingen ting om statens si forplikting på å sikre trusopplæring for alle døypte. Innføring av eit generelt råmetilskot er etter vårt synspunkt ikkje tilstrekkeleg for å sikre vidare finansiering av trusopplæringsreforma, som var ei sentralt initiert reform. Gjennom trusopplæringsreforma tok staten på seg å støtte denne sentrale kyrkjeleg oppgåva. Denne bakgrunnen for dagens trusopplæring i Dnk meiner me også må forplikta staten vidare, sjølv når kyrkja vert skilt frå staten.

- Vi meiner at staten sitt ansvar for å vidare finansiering av trusopplæringa må derfor inn på å ein meir forpliktande måte i §22, enn det framlegget som finst i høyringsnotatet. Med andre ord; staten si finansiering av trusopplæring må lovfestast.

ANSVAR FOR UTARBEIDING AV PLANAR OG MÅL FOR KYRKJELEGE VERKSEMD – KLARGJERING AV ANSVARFORHOLD

I §14 under kyrkjeleg fellesråd sine oppgåver står det at fellesrådet har ansvar for å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. Dette er vel og bra i forhold til dei oppgåvene som fellesrådet har ansvar for som forvaltar, men det er likevel viktig at fellesrådet her ikkje skal ha ansvar for å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda som ligg under soknerådet sitt ansvar. Mange har ei oppfatning om at fellesrådet hierarkisk «ligg over» soknerådet. Dette er ikkje tilfelle, og då er det også viktig at lovteksten ikkje forsterkar ei slik oppfatning.

- Vi ynskjer derfor ei noko meir presis formulering i lovteksten i § 14, t.d.:
Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av soknene, utarbeide mål og planer for fellesrådets virksomhet.
- I tillegg bør det i §9 under soknerådet sine oppgåver takast med at soknerådet har ansvar for å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i soknet.

KLAGENEMND

Det er ansvarleg arbeidsgjevar som bør gjere vedtak i disiplinærsaker (oppseiing, avskjed, suspensjon). Det vert uryddig dersom det skal vere ulike reglar for dei tilsette. I førearbeidet til forvaltningslova vart det understreka at arbeidsmiljølova sine bestemmelsar ivaretok omsynet til arbeidstakaren og deira rettssikkerheit. Her vart det også peika på at eit system med både eigen klagerett/klageorgan og arbeidsmiljølova sine bestemmelsar gir eit uryddig og uklart system for partane. Omsynet til kvalitet i avgjerder og rettssikkerheita for dei involverte partane skulle vere godt ivareteken gjennom lovverket ein har i dag, og burde slik vere dekkande også for dei statlege tilsette i kyrkja.

- Soknerådet finn det rettast at det ikkje vert oppretta ei eiga klagenemnd for å behandle denne typen saker, og vil difor tilrå at den føreslegne §27, Den norske kirkes klagenemnd, vert teken bort.

SAMANSETJING AV KYRKJERÅDET

Høyringsnotatet legg opp til ei endring i samansetjing av Kyrkjerådet. Ut frå den føreslegne lovteksten i §25 er ein ikkje sikra ein representasjon frå alle bispedømeråda. Setninga «Alle bispedømeråd skal være representert i rådet» er teke bort.

- Her er det soknerådet si klare meining at det må sikrast at Kyrkjerådet er sett saman slik at alle bispedøma er representerte.

LOKALE FORSØK ANGÅANDE OPPGÅVEFORDELING

Konsekvensen av delegeringa høyringsnotatet legg opp til, vil vere at ein framover ikkje vil få moglegheita til å prøve ut alternative måtar å organisere Dnk på. I høyringsnotatet legg ein opp til at Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet ikkje kan delegere «lenger ned» enn til prosten. Det vil

setje sperre for å delegere arbeidsgjevarfunksjonar til sokna sine organ. Samtidig opnar ein for at sokna sine organ kan delegere oppgåver «oppover».

Her vil vi gjere framlegg om ein annan strategi, ei midlertidig ordning som gjev rom for å prøve ut ordningar for lokal styring, med utgangspunkt i og tilpassa lokale tilhøve. Dette kan sikre tid og høve til å gjennom prøveordningar utarbeide betre løysingar, samtidig som sokna vert gjevne tid nok til å vurdere løysingane. Det bør derfor leggest til rette for utprøving av alternative måtar å fordele oppgåver mellom nivåa i Dnk.

- Soknerådet går derfor inn for KA sine framlegg om tillegg til §§ 9, 14 og 23.
 - *§9 Menighetsrådet utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av Kirkemøtet.*
 - *§ 14 Kirkelig fellesråd utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av det enkelte menighetsråd eller av Kirkemøtet.*
 - *§ 23 Bispedømmerrådet utfører for øvrig de oppgaver som etter avtale blir overlatt det av menighetsråd eller kirkelig fellesråd.*

OPPLYSNINGSVESENETS FOND

Om det er kyrkja eller staten som bør ha eigerettane til fondet, har vore omstridt og debattert lenge. Sjølv om departementet ikkje finn det nødvendig å ta stilling til dette spørsmålet i samband med dei føreslegne endringane i Kyrkjelova i denne omgang, stiller soknerådet seg bak eit krav om at dette vert utgreidd i det vidare arbeidet.

- Soknerådet ser det slik at verdiane i Opplysningsvesenets fond tilhøyrer Den norske kyrkja, og at dette må sikrast i det vidare arbeidet med ny relasjon mellom kyrkja og staten

DEN NORSKE KYRKJA SIN ØKONOMI

Som nemnt i avsnittet om diakoni og trusopplæring etterspør me ein sterkare presisering i lovteksten av kva som er staten og kommunane sitt økonomiske ansvar overfor Dnk. Me saknar ei drøfting i høyringsnotatet om kva som skal vere staten sine plikter ut frå grunnlaget i den nye §16 i Grunnlova, om staten sitt ansvar for å understøtte folkekyrkja. Dette gir oss ein bekymring for at staten vil redusere sin ressursinnsats i kyrkja. I høyringsnotatet vert det i staden vist til moglegheiter for effektivisering og auka medlemsfinansiering. Me ser med sterk uro på at auka sjølvstende for kyrkja skal brukast som grunngeving for kutt i det økonomiske tilskotet.

- Soknerådet vil poengtera viktigheiten av eit forutsigbart og stabilt økonomisk fundament for det vidare arbeidet i Dnk. Den offentlege finansieringsplikta, både frå stat og kommune, må vidareførast.